



Vang kommune
Tynvegen 5161
2975 VANG I VALDRES
Att. Magnus Lajord

Sakshandsamar, innvalstelefon

Runa Bø, 61 26 60 54

Vang kommune – oppfølging av motsegn til reguleringsplan for Klukkargrende

Bakgrunn

Vi viser til vår motsegn til reguleringsplan for Klukkargrende i brev av 14. august 2020 og til kontakt mellom sakshandsamarar hos oss og i kommunen. Det er positivt at det er kontakt i etterkant av motsegner med tanke på å kartlegge kva som skal til for å imøtekomme motsegnene.

Ved motsegn er likevel prosessen inne i ein meir formell del, og vi ber difor i framtidige saker om at endeleg forslag om oppfølging av motsegner er forankra i administrasjonen i kommunen og kjem som eit formelt brev til Fylkesmannen.

Vurdering

Motsegna frå Fylkesmannen var grunna i mangelfull utgreiing og sikring av trafikktryggleik for barn og unge. Vi viser til brev frå kommunen 29. september 2020.

Fylkesmannen har kome fram til at utarbeidd utgreiing av trafikktryggleik for barn og unge inkludert vurdering av trafikksikringstiltak, **imøtekjem motsegna** til reguleringsplanen dersom utgreiinga vert innarbeidd i planmaterialet før slutthandsaming.

Med helsing

Anne Kathrine Fossum (e.f.)
kommunal- og samordningsdirektør

Runa Bø
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Innlandet fylkeskommune Pb. 4404 2325 HAMAR

